

Utval: Opplærings- og helseutvalet
Møtestad: Sotra vidaregåande skule, avd Bildøy
Dato: 21.10.2014
Tidspunkt: 11:00 – 13.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A
Roald Stenseide	Leiar	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Børge Lunde	Medlem	H
Aslaug Hellesøy	Medlem	KRF
Alexander Fosse Andersen	Medlem	FL SP/MDG
Bjørnar Hamre	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde
meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Stian Femoen	Nestleiar	H
Gunn Mari Moberg	Medlem	H
Ingrid Reitan	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ole Irgens	Gunn Mari Moberg	H
John Opdahl	Dan Femoen	H

Merknader

12 representantar møtte

Frå administrasjonen møtte:

Namn	
Annbjørg Laupsa	Fungerande fylkesdirektør opplæring
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Øydis R. Ziem	Utvalssekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 61/14	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 62/14	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 63/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 54/14	Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland	2014/21391	
RS 55/14	Elevar med lang reiseveg/tid	2014/21678	
RS 56/14	Vedkomande spørsmål i OPHE 13. mai i samband med behandling av Klimaplanen 2014-2030	2014/13622	
RS 57/14	Skuleanlegg som pedagogisk arkitektur - funksjonskrav	2014/21640	
RS 58/14	Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg	2014/12294	
PS 64/14	Innspeil til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015	2014/18419	
PS 65/14	Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar	2014/21703	
PS 66/14	Høyring om omgjering av utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon	2014/18721	
PS 67/14	Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova	2014/20188	
PS 68/14	Ymse		

PS 61/14 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 62/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i OPHE 16.-17.sept. vart samrøystes godkjend.

PS 63/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Vedtak

Meldingane vart tekne til etterretning.

RS 54/14 Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland

RS 55/14 Elevar med lang reiseveg/tid

RS 56/14 Vedkomande spørsmål i OPHE 13. mai i samband med behandling av Klimaplanen 2014-2030

RS 57/14 Skuleanlegg som pedagogisk arkitektur - funksjonskrav

RS 58/14 Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg

PS 64/14 Innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015

Forslag til innstilling

1.	Hordaland fylkeskommune viser til fylkeskommunen sin Regionale plan for folkehelse.
2.	Hordaland fylkeskommune ber Helse- og omsorgsdepartementet merke seg vedteke sakdokument og utgreiing i sitt vidare arbeid med ny stortingsmelding om folkehelse.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Hordaland fylkeskommune viser til fylkeskommunen sin Regionale plan for folkehelse.
2	Hordaland fylkeskommune ber Helse- og omsorgsdepartementet merke seg vedteke sakdokument og utgreiing i sitt vidare arbeid med ny stortingsmelding om folkehelse.

PS 65/14 Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar

Forslag til innstilling

Utvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Representanten **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande forslag:

«Vedk. Mål 2, pkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Hellesøy sitt forslag følgjer saka til fylkesutval/fylkesting.

Innstilling

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

PS 66/14 Høyring om omgjerung av utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon

Forslag til innstilling

1.	Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2.	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er <i>Mediekommunikasjon</i> og <i>Design og medieproduksjon</i> .
3.	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna <i>Teknologi og media</i> og <i>Idéutvikling</i> opprettast
4.	Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignerfaget.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er <i>Mediekommunikasjon</i> og <i>Design og medieproduksjon</i> .
3	Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna <i>Teknologi og media</i> og <i>Idéutvikling</i> opprettast
4	Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignerfaget.

PS 67/14 Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS -søknad etter privatskolelova

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet meiner at tilbodet frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS har same målsetting og difor ikkje er nyskapande samanlikna med tilbodet ved teknologilinja ved Sotra vidaregåande skule. Vidare er det overkapasitet ved studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen, og ei godkjenning av skulen vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet kan av den grunn ikkje sjå at det er grunnlag for å godkjenne søknaden frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Representanten **Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

«Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpane for skuleeigarar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialiserande plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til

opplysning må nevnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

«Ber om at saken blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommune og eventuelle andre aktuelle aktørar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt framlegg fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.

Fosse sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster inkl. utvalsleiar si dobbelrøyst.

Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

OPHE ber om at saka blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommunen og eventuelle andre aktuelle aktørar.

Innstilling

1	Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpande for skuleeigar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialiserte plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nevnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden.
---	---

PS 68/14 Ymse

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Orienteringar

«Retningslinjer for opptak av elevar på særskilt grunnlag» v/Akylina Samara, spesialrådgjevar HFK
«Budsjett HFK 2015» v/Birthe Haugen, seksjonsleiar HFK

Oversending til Hordaland fagskulestyre

Melding RS 58/14 «Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg» vert oversend Hordaland fagskulestyre.

OPEN TIME

Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande spørsmål:

«Bergen kommune har prosjektet «Frå ufaglært til faglært medarbeider» for å sikre rett formell utdanning hjå medarbeidarane i Bergen kommune. 30 medarbeidarar er ferdige med opplæringa, men ventar på å få praktisk fagprøve organisert av fagopplæringskontoret i HFK.

1. Kor lang ventetid er det for å gå opp til fagprøve?
2. Kva er dei viktigaste tiltaka for å kunna få unna «køen» for å ta praktisk fagprøve?

Spørsmålet vart samrøystes vedteke oversend fylkesadministrasjonen.

Rosalind Fosse sette fram følgjande spørsmål:

«I hvilken grad blir Nordahl Grieg vgs brukt til aktiviteter etter skoletid og i helger?»

Spørsmålet vart samrøystes vedteke oversend fylkesadministrasjonen.

Aslaug Hellesøy sette fram følgjande spørsmål:

1. Ber om oppfølging av sak frå fylkestinget vedk. aktivitørutdanning
2. Etterspør eit evt. referat frå fylkesutvalet sin tur til Danmark vedk. produksjonsskulen.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmåla.

Toralv Mikkelsen stilte spørsmål vedk. politikarar og byråkratar si rolle når det gjeld deltaking i debattar.

Fylkesdirektør opplæring vil ta spørsmålet vidare til fylkesrådmannen.